

Samarbeid over fylkesvegen?

29.05.2015



kan det tenkjast eit prosjekt-samarbeid i dette området?

KV kan gjerne inngå eit prosjekt-samarbeid over fylkesvegen i sentrum med dei som har kjøpt Stølen for å byggja eldrebustader. Det gjer dagleg leiar Tor Vidar Sæle klart for uskedalen.no når han vert spurt når det skal skje noko meir på den framleis uferdige tomta til Kvinnherad Vekstbedrift. Han kan ikkje sjå at det her føreligg nokon konkurransesituasjon og trur heller ikkje at kommunen har noko imot eit slikt samarbeid. Eit vedtak i politiske fora bør heller ikkje vera naudsynt - det må vera tilstrekkeleg med behandling i KV-styret.

KV-prosjektet har no venta ei årrekke på fullføring og det er beklageleg fordi verksemda treng det sårt. Men prosjektet har ikkje førebels fått ei god løysing med omsyn til økonomien.



Tor Cidar Sæle er tilbake på jobben i Uskedalen

- Idag er vi rett og slett sprengt med omsyn til plassen og moglegheitene for å utvida produksjonen. Deler av verksemda vår må no skje utomhus og det er slett ikkje ideelt.

Eg siktar til dømes vedlageret og palleproduksjonen. Det er ein tungvint situasjon å måtte vera ute og ein må også ta omsyn til at dei som er på tiltak treng særdeles gode arbeidsvilkår, påpeikar Sæle.

Behovet er også stort for kontorplass og møterom på dagtid. Her er det også eit stort uutnytta potensiale. Lokala er godkjent av mattilsynet, opplysar Tor Vidar. Prosjektet er kalkulert til 22 millionar og 4 millionar er satsa så langt.

Tor Vidar er glad for at han er tilbake som KV-leiar og familiemann i Uskedalen etter 13 månader som operativ sjef på Flesland.

- Begge deler er like kjekt, seier han som slett ikkje var innstilt på å vera flyplass-administrator fram til pensjonsalderen.

Det var ikkje noko vanskeleg val å dra heim til Uskedalen, nærare bestemt til ein kjempebra jobb, eit godt styre og gode kolleger.

Det er no 8 år sidan han vart AFA-sjef. Og når han kom heim i mars var det kjende arbeidsoppgåver som venta. Mykje er skjedd på 8 år- til dømes har talet på tilsette auka frå 26 til 45. Talet på VTA (varig tilrettelagt arbeid) har venteliste på 10 og talet på APS (arbeidspraksis i .skjerma verksemd.) venteeliste på 13.

- Vi freistar å synleggjera behovet og har ein god dialog om det. Vi har nok oppgåver å ta fatt på, til dømes å auka staben i brukhandelen Retro på Husnes, som er ein av våre positive verksemder. Ein annan er utkjøringa av frukt i Kvinnherad og Odda, som førebels har 40 kundar og er jobb for 5-6 når verksemda er på topp 2 dagar i veka. Vi bør få med fleire her i Kvinnherad, potensialet er atskillig større.

Vi har kjøpt inn 2 kjølerom til dette føremålet. Tiltaket gjev også ein helsegevinst for kundane og er midt i blinken for oss.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen